

1. Høyringsinnspel er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l) \*

Aud Johanne Høiland Bruknapp

2. Del 1: BARNES BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vekting?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

Det er sjølvstakt viktig å innfri nasjonale lovkrav, men utover dette undrar det meg kva svara i akkurat denne delen av høyringa vil bli brukt til, når me svarer på om me er einige i vektinga i barns beste vurderinga. Det eine slår ikkje det andre ihel, og er ser ikkje at politikarane vil kunne bruke denne vektinga som eit argument for at elevane bør samlast på ein stor skule. Heller tvert imot. Eg håpar at desse viktige verdiane, som barna sjølv har vekta høgt, blir prioritert: Tryggleik, sykle og gå til skulen, og finne ein ven. For Saudasamfunnet meiner eg at det er ein stor feil å leggje ned skulen i Saudasjøen. Mange unge har kjøpt hus der og det er lagt ut byggjefelt. Eg trur at det er meir attraktiv å flytte heim slik skulande er organisert i dag.

4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilete av slik tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

## 5. Kommentar til svar NÅ-biletet

Eg synest ikkje Norconsult sin rapport gir eit realistisk bilde av skulane. Norconsult har vore inne i nokre klasserom/avd i nokre timar, og intervjua eit utval ansatte. Det gir eit svakt grunnlag for å vurdere korleis skulane i Sauda driv undervisning. Eg er særleg overraska over ei sak som har blitt løfta fram som noko negativt, den handlar om at det «oppleves» ulikt å kome inn i dei ulike klasseromma på ein skule. Nokon har meir visuell støtte i klasserommet enn andre, underviser ulikt osv. Denne observasjonen har blitt brukt som eit argument for at me må samla alle elevane på ein stor skule. For det første har ikkje dette noko med organisering å gjera, og for det andre hadde eg blir meir bekymra dersom det ikkje var ulikt. Me som lærarar har faktisk metodefridom av ein grunn. Me er ulike som menneske, og må spele på det me er best på, og få lov til å vere kreative. Ein lærar er god på noko, og ein annan på noko anna. Eg veit at det ikkje er den som har flest bilde hengande oppe i klasserommet som nødvendigvis er den beste læraren, men for utanforståande (Norconsult) er det visuelt lettare å sjå at her ser ting bra ut. Ein politikar frå Høgre nemnde dette på eit politisk møte, som eit argument for at nettopp av den grunn bør me samla alle elevane på ein skule. Det kan eg ikkje forstå. Det er eit skritt i feil retning dersom alle skal gjera alt likt osv. Me har tilpassa undervisning i skulen for ein grunn. Me er ikkje like, og skal heller ikkje vera det. Me må heller jobba for å få ein god delingskultur som drar kvaliteten opp. Rammene rundt er noko anna, det kan lett jobbast med utan å gjere noko så drastisk som å slå saman alle barneskulane. Norconsult meinte også at det er plass til ytterlegare 80 -100 elevar til på Austerheim. Det er heilt sikker på at lærarane og foreldra ueinige i.

Eg synest Norconsult har fokusert for mykje på det negative. Det kan virke som om alt det som Norconsult har funne som negativt, vil løyse seg dersom me får ein stor barneskule. Eg tur at ei samanslåing av skulane kan gjere det enklare for sjef for oppvekst, rektor og inspektør, men vanskelegare for lærarar og elevar. Det blir større klassar, meir utfordringar med åtferd, sannsynlegvis mindre vaksne pr. Barn, færre gode uteområde/turområde å spela på, tap av skuleveg, lengre dagar på SFO, einsformig å gå på skule same plass i opptil 13 år (dersom skulen blir i sentrum), dersom elevar opplever utanforskap vil eleven sine moglegheiter for vennskap med barn frå andre skular bli borte. Du blir meir synleg, og fleire kan trekkje seg vekk. Mange av dei sårbare barna kan bli sett saman og "trigge" kvarandre sine utfordringar. Eg fryktar også at dei eldste på barneskulen vil trekke til sentrum for tidleg. Eg håper at barnas beste vil bli vekta høgast når alt kjem til alt. Det er også vanskelig å samanlikne med ein tenkt ny storskule. Kva ville Norconsult seie om NÅ-situasjonen etter nokre år med storskule? Det blir kun ein tenkt situasjon. Eg har sjølv jobba på ein stor skule, og opplev at eg har større moglegheiter til å skape gode relasjonar, og gi betre fagleg oppfølging til elevane på skulen, når skulen ikkje er så stor.

Eg hadde rekna med at politikarane ville vore meir interessert i å snakke med oss som jobbar i skule og barnehage i Sauda. Skulle eg ha tatt ei så stor avgjerse innan f.eks helse, så måtte eg ha sikra meg nok kunnskap frå dei som jobbar der, for å ta ei god nok vurdering. Læreryrket og barnehage er noko som alle har ei mening om, og tenkjer at dei kan mykje om, men den viktigaste kunnskapen og det mest realistiske bildet av skule og barnehage sit dei ansatte på.

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

Eg synest det er gode framtidsmål. Eg fryktar derimot at ved å samle alle på ein stor skule at me får færre moglegheiter til å nå desse måla. Særleg når det gjeld nærmiljø, leik og utemiljø, og deling av fellesrom som kjøkken og gymsal.  
Eg trur at elevane får betre fagleg oppfølging med den strukturen me har i dag.

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analysen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

Eg sat sjølv i referansegruppa. Me gjorde ei uformell undersøking på kva me i gruppa meinte om organisering av skulane. Det blei fleirtal for å behalde dagens struktur med oppgradering av bygg . Rett bak kom å slå saman til ein stor skule. Alternativet om to skular med 1-4, 5-7. fekk viktig å merke seg, kun 1 stemme. Denne undersøkinga kan sjølsagt ikkje brukas, alle var ikkje tilstandes osv. men eg tenkjer at det er viktig å nemne den likevel. Særleg med tanke på to trinns forslaget som har kome. Eg veit ikkje kva info. som kjem vidare til politikarane.

I denne analysen tek ein bevisst utgangspunkt i feil antall elevar pr. klasse. På Risvoll. Det synest eg er rart. Det var bestemt, før denne rapporten, at Risvoll skule skulle fådele nokre av klassane. Den største klassen har nå på 24 elevar , og den minste på 14 elevar. Det blir da feil å bruke desse gamle elevtala som eit argument for at nokon ikkje får oppleve vennskap, slik som nokre politikarar har uttalt seg om.

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meiningar, eller anna, kva alterantiv ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein kommunal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

12. Kommentar til svar barnehagestruktur

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Me må ta vare på dei flotte skulane me har i dag. Nærskule er viktig og attraktivt for barnefamiljar. Elevane er meir stillesitjande no enn før. Skuleveg er viktig for helsa og er ein god sosial arena.

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Dette alternativet er ikkje godt for nokon. Eg er overbevist om at dette ikkje er til barnas beste. Barna vil oppleve unødige byter, lite stabilitet og tryggleik. Ei langvarig, dårleg, midlertidig løysing kan vere utruleg negativ for elevane i Sauda. Barn, særleg sårbare barn, treng stabilitet. I referansegruppa snakka me ikkje særleg mykje om dette alternativet pga. Det var, som sagt, eit lite ønska alternativ. Kommunalsjef for oppvekst, saman med pedagogisk rådgivar i kommunen, leia denne gruppa. Det er difor veldig merkeleg at dette to steg -alternativet i det heile teke kjem opp som eit forslag. Kommunedirektøren seier at han har brukt staben sin til å kome med dette alternativet, og staben er jo nettopp desse to. Eg fryktar at dette er eit impulsivt og lite gjennomtenkt forslag, eller på den andre sida ei kalkulert politisk handling. Etter at dette forslaget blei kjend, handla ikkje lenger debatten om det som i utgangspunktet blei diskutert, nemleg å satse på å behalde dagens struktur, eller gå for ein ny stor skule. I skrivet frå kommunen står det til og med at dette forslaget er i samsvar med Norconsult sine vurderingar? Det var ikkje dette alternativet Norconsult vurderte som best. Dette vitnar om dårleg vurderingsevne og hastverk.

17. Ope kommentarfelt for andre innspel

Eg reagerer på at Risvoll skule ikkje er med på nokon av forslaga der det er snakk om å behalde to skular. Her har ting gått litt fort, og det resulterer i lågare kvalitet i debatten rundt skulestruktur.

Brukt mykje pengar på å leige inn Norconsult, og for lite tid på å snakke med dei ansatte. Når eg snakkar om dei ansatte meiner eg "dei på golvet" direkte, og ikkje gjennom rektor, leiar for oppvekst. Osv. Denne prosessen har frå starten av vore litt for "topptung".

Eg er redd for at ingen tek ansvar for eit trygt miljø på bussen, dersom elevane skal bussast til ein ny storskule. Eg sit sjølv i buss på veg til symjing kvar veke med elevane. Dei treng trygge voksne som set grenser. Dersom elevane får styre alt sjølv, så har eg vondt av dei som er utsett for mobbing/utanforskap, og dei minste på 6 år. Trygg og god skuleveg og folkehelse håpar eg blir vekta høgt. Dersom elevane er utrygge hindrar det læring. Me har auke i skulevegving allereie.

Det er ikkje berre negative ting med ein ny stor skule, men eg er overbevist om at det er ei unødvendig og dyr investering som set kommunen i stor gjeld, og som sannsynligvis vil gi eit dårlegare tilbod for både elevar, lærarar og foreldre.